



Nr. 7 - DES. 1990 - 18. ÅRGANG

# RYGJAVEGEN

BEDRIFTSBLAD FOR STATENS VEGVESEN ROGALAND

God Jul  
og Godt Nytt  
År!



STATENS VEGVESEN  
ROGALAND

- FOR BETRE TRANSPORT

## AV INNHALDET:

- Med fyllerot som startkapital
- Intervju med Markus Wiik
- Støy som miljø- og samfunnsproblem
- Frå skaft og slire til skarpe knivblad



Nr.7 - oktober 1990

**Redaktør**  
Harald Sel

**I redaksjonen**  
Johan Lund  
Eva Vivoll

**Redaksjonsråd**  
Svein Dahle  
Njål Hanasand  
Irene Stangeland  
Ole Tamburstuen  
Rosalyn Wiik  
Solveig Yndesdal

**Sats/layout**  
Bodil Dam Bustad

**Trykk**  
Allservice A/S

**Forsidetegning**  
Helge Steinnes

**Baksidfoto**  
Harald Sel

**Opplag**  
1650 eksemplar

## Vegsjefens 3 minutter...



Vi nærmer oss slutten av et spennende og begivenhetsrikt år i Statens vegvesen Rogaland.

Rennfast, vårt største vegprosjekt gjennom alle tider, er satt igang, og nå ved årsskiftet er vi i full gang med arbeidet. Til tross for dystre spådommer om sviktende trafikk og konkurs-prosjekt, er jeg ikke et øyeblikk i tvil om at dette prosjektet har livets rett og vil bli en positiv drivkraft i utviklingen av vårt fylke.

Jeg har merket meg at alle som er involvert i prosjektet, og det er mange både innenfor og utenfor etaten, - er fulle av entusiasme og gåpå-humør. Jeg vil ønske dere alle lykke til i det videre arbeid!

Vi har avsluttet vår første sesong som egne asfaltprodusenter og med et resultat som har overgått alle forventninger. Jeg har merket meg første-klasses kvalitet både i materialer og utlegging, og jeg har hørt mange lovord. Lykke til også til dere!

Vi åpnet vegen til Ropeidhalvøya med brask og bram og stor folkefest. Det var vel årets store begivenhet for oss som fikk være med på det. Takk for god innsats til dere som var med på å planlegge og bygge en så fin og nyttig veg!

Selvfølgelig har vi for lite penger både på riksvegene og ikke minst på fylkesvegene. Og selvfølgelig skaper det problemer for oss, - vi må si nei til mange gode og fornuftige tiltak.

Og selvfølgelig blir vi kritisert, - somme tider med rette, men ofte med urett. Nå ved årets slutt og ved inngangen til det siste tiåret av det tjuende århundre og det andre årtusen, får vi glemme alle slike fortredeligheter og ønske hverandre en riktig god jul!

Jeg sender en spesiell julehilsen til alle våre pensjonister. Takk for hyggelig samvær i oktober med dere som takket av i år, og fortsatt lykke til!

## "Ku til klaven" på Ropeidhalvøya

Johan J. Jakobsen fekk eit "grasrot-spørsmål" frå ein person i mengden etter den offisielle opninga av vegen til Ropeidhalvøya: "Er det ikkje så at når ein har fått klave, så får ein også ku?" Han tenkte på vidareføring av den nye Rv.13 med bru-kryssing av Sandsfjorden. "Der kan vera noe i det", svarte statsråden.

Seinare har Johan J. Jakobsen slutta som regjerings-medlem, og gått over i opposisjon som stortings-representant. Men sjansane for at han kan bidra til at Ropeidhalvøya får "ku til klaven", skulle ikkje vera mindre av den grunn.

Prosjektet er eit framfrå distriktsutbyggings-tiltak. Når det attpåtil vil gje ein god sysselsettingseffekt, må me tru at det er eit prosjekt som Arbeidarpartiet har stor sympati for. Også det partiet har tradisjonelt vist forståing for utkanta-ne sitt ve og vel. Det same har SV. Om partiet meiner at vegbygging ofte fører til miljømessige ulemper, skulle ein ikkje tru at partiet er motstandar av eit prosjekt som i stor grad vil bidra til å tryggja framtida for "utkant-Ryfylke".

Så kanskje er det ikkje så urealistisk å håpa på Ropeid-halvøya frå "ku til klaven" innan rimeleg tid.

Harald Sel

## INNHALD

Vegsjefens 3 minutter .....	2
"Ku til klaven" på Ropeidhalvøya .....	2
Arbeidsglede og etatsstolthet .....	3
Vegulløysing for Ropeidhalvøya	
- Eit monument over dugnadsånda .....	4
- Heile halvøya feira den nye veggen	5
- Frå jubel på røysa til tragedie .....	6
- Halvøyas eldste minnes store omskifte .....	7
- Fleire mista motet og trua på framtida .....	7
Transportplan for Stavanger/Sandnes/Sola	
- Forprosjekt-rapport .....	8
- Jernbanens nærtrafikk blir ryggraden .....	9
Effektivisering av snøstikkesellingen .....	10
Vegdekket blåste bort .....	10
Frå skaft og slire til knivblad .....	11
Støy som miljø- og samfunnsproblem .....	12
Tryggare trafikk gjennom Kleppekrossen .....	13
Planfritt motorveg-kryss på Lura ....	14
Lenger ekspedisjonstid ved Biltilsynet .....	14
Lekselesing og studentliv .....	15
Biltilsynet i Egersund til Slettebø ....	15
Intervju med Markus Wiik .....	16
Nye pensjonister i 1990 .....	17
Med fyllebot som grunnkapital .....	18
Petit ved avd.direktør Sidsøl Sandelien .....	19
Miljøtips for billøpere .....	19
Vegutbetring Jelsa - Landsnes .....	19
Vern og helse .....	20
Kryssord .....	21
Vegkontoret har fått ny kantline .....	22
Mi mening .....	23
Nytt fra bedriftsidrettslaget	
- Hallingkastet .....	24
- Vegmesterskapet i orientering .....	25
Rennfast og egenregi-arbeidene .....	26
Fotomontasje av vegvesen-arbeidarar på Rennfast ..	27
Spørreundersøking om vegvedlikehald .....	30
Lite brukt sykkelstativ til sals .....	30
Å søke Gud .....	30
Jubilanter .....	30
Vintervedlikehald på fylkesvegane .....	31
Tillitsvalgtles spalte .....	31

## Arbeidsglede og etatsstolthet

*Av administrasjonssjef Svein Magne Olsen*

I løpet av de siste ukene har jeg hatt kontakt med mange av våre medarbeidere i vegarbeidsdriften og det er to forhold som slår meg når jeg skal oppsummere mine inntrykk:

For det første er det den fagstolthet, innsatsvilje og konkurranselyst som preger svært mange. De gir uttrykk for arbeidsglede og de er opptatt av at vi skal vise våre omgivelser at vi kan konkurrere både på pris og kvalitet, slik at samfunnet er best tjent med at Vegvesenet fortsatt bør være den viktigste aktør når vegar skal bygges og vedlikeholdes.



Det andre som slår meg er at mange nærer en økende bekymring for at vi i stadig mindre grad trekker sammen, - hver avdeling/seksjon er seg selv nok, og man er mer opptatt av enkeltresultat enn av at totalresultatet skal bli best mulig. Man etterlyser helhetsvurderingene og føler at avstanden inn til ledelsen ved Vegkontoret kan bli for stor.

Vi er nå inne i en prosess hvor vi skal se på vårt styringssystem, vår ledelse, vår organisasjon og vår ressursdisponering. Vi har gjennom denne prosessen en fin anledning til å gjøre noe med disse forholdene.

Det er viktig at vi tar vare på de viktige kvalitetene en motivert og dyktig medarbeiderstab representerer, og vi bør i sammen legge forholdene til rette slik at de positive krefter kan utnyttes i et fellesskap for å nå våre mange viktige mål.

En forutsetning for en god prosess er en åpen tovegs kommunikasjon hvor vi med respekt for hverandre kan drøfte sterke og svake sider ved vår organisering, arbeidsfordeling, våre arbeidsrutiner osv., - og ha en vilje til å gjøre endringer hvor det er behov for det.

En oppfordring bør derfor være at vi alle tar del i denne tovegs kommunikasjonen på en konstruktiv måte.

Til sist, - siden dette arbeidsåret snart er slutt, la meg få ønske dere alle i vegarbeidsdriften, i biltilsynet og ved Vegkontoret en fredfull, god julehelg og et fremgangsrikt godt nytt år.

## Vegutløysing for Ropeidhalvøya

Reportasje: Harald Sel

Statsråd Johan J. Jakobsen:

# -Eit monument over dugnadsånda

- Her gjer me ikkje skilnad på statsråd eller bonde, sa varaordførar Ingar Naustvik, då han ønska velkomen til folkefest på Kjølvikstølen. Og benka rundt bordet i det store teltet på fotballbanen sat ca 450 menneske, flest fastbuande men også mange gjester, med kommunalminister Johan J. Jakobsen i spissen.

Kort tid før hadde statsråden foretatt den offisielle opninga av den nye vegen. Og han skar over snora som om han skulle vore Kongen sjøl. I allfall sa vegsjef Chester Danielsen det, i den humørfylte og inspirerte talen han heldt.

### Rosande statsråd

Opningsseremonien var lagt til krysset mellom riks- og fylkesvegen på Øvrabø. Og etter eit overhendig regnver heile natta før og om føremiddagen, var det opplette ei kort tid under sjølve opninga.

- I opningstalen sin kalla statsråd Jakobsen vegen eit monument over den lokale dugnadsånda. Han var samferdselsminister då vegprosjektet fekk si sentrale godkjenning, og minna om at han den gongen hadde sagt at det trongst "dugnad" for å få prosjektet realisert.

Og dugnad har det blitt. Først og fremst har Suldal kommune ytt sitt

vesentlege bidrag. Vidare har Staten, fylket, Distriktenes utbyggingsfond og Statens vegvesen gjort sitt. Alle har vist velvilje og spelt på lag. Dette har vore ein viktig føresetnad for at vegen ligg her i dag, sa statsråden.

### Stolt vegsjef

- Dette er ein gledens dag for oss alle, sa vegsjef Danielsen i sin tale, - og særleg for dei vel 400 som har fått vegutløysing.

Vegsjefen var stolt over vegen, og han kom med mange rosande ord til vegvesenet sine samarbeidspartnarar. Men ikkje minst rosa han etaten sine eigne folk for innsats og godt handverk.

Storparten av dette anlegget har vegvesenet utført i eigen regi. Ein god del av vegen er bygt i bratt og vanskeleg terreng. Men alle fristar er haldne, og ein stolt vegsjef peika også på at kostnadane er blitt lågare enn kalkylen.

### Nasjonaldag nummer to

Varaordførar Ingar Naustvik sa, under festen på Kjølvikstølen, at vegopningsdagen ville bli nasjonaldag nr 2 for folket på halvøya. Fullt så store ord bruka ikkje ordførar Hallvard Bakka, men så bur han då heller ikkje på Ropeidhalvøya, slik som Naustvik.

Men ordføraren rosa folket som bur her for stort pågangsmot og evne til å greia seg sjøl. Elles er det ikkje ofte at sjølros er meir på sin plass, enn når ordføraren minna om at Suldal kommune har forskottert nesten ein fjerdepart av kostnadane til vegen og at dette var avgjerande både for å få prosjektet i gang og å få det fullført på ei rimeleg tid.



Statsråd Jakobsen skar snora opp i småbitar og delte dei ut som eit minne frå den store dagen. Han fekk god hjelp av ordførar Hallvard Bakka og vegsjef Chester Danielsen.

### Data om anlegget

Lengde : Rv.13 - 8930 meter  
Fv.681 - 5540 meter

Vegklasse : IIe  
2,75 m pr kjørebane  
0,5 m skulder  
1 til 1,5 m grøfter

Tunnelar : Dregstigtunnelen 1235 m  
Almenningen tunnel 640 m

Kostnad (90-kr) : Rv.13 - 77 mill. kr  
Fv.681 - 24 mill. kr

Storparten av arbeidet har Statens vegvesen utført i eigen regi.

(Me viser også til reportasje om anlegget i Rygjavegen nr. 6 - oktober 1990.)

## Vegutløysing for Ropeidhalvøya



### Store mengder mat og drikke

Det var ikkje lite som gjekk med då mellom 4 og 500 menneske skulle mettast under folkefesten i teltet på Kjølvik.

Fylgjande godmat blei sett til livs: 150 kg rømmegraut, 8 fenalår, 5 spekskinker, 150 pølser med pølsebrød, 75 liter kaffi, 9 kassar brus og 30 fløytkekaker. Attåt dette kjem sukker, smør, kanel, potetsalat, spekepølse og flatbrød, ikkje i små mengder det heller.

Alt av matlaging og serveringa i teltet blei gjort på dugnad. I sanning eit imponerande arbeid frå folket på Ropeidhalvøya, i tillegg til det svære arbeidet dei elles gjorde for at vegopningsdagen blei slik ein ugløymande festdag.

## Heile halvøya feira nyevegen

Dei var med på feiringa av nyevegen alle på Ropeidhalvøya som hadde høve og som hadde helse til å koma seg ut. Først under opningsseremonien på Øvrabø og etterpå ved folkefesten i teltet på Kjølvikstølen.

Det var litt av eit løft grendautvalet tok på seg med å skipa til folkefest. Men det var ei oppgåve som bygdafolket gjennomførte på ein måte som ein sjeldan opplever maken til. For oss som kom utanfrå, blei det ein festdag som me aldri gløymer.

### Største dagen

Dagen vil ikkje bli mindre hugsa av dei som bur på Ropeidhalvøya.

Varaordførar Ingar Naustvik kalla vegutløysinga den største hendinga i halvøya si historie. Knapt nokon var usamd med han i det, og då forsamlinga etterpå song "Ja vi elsker", kom nok klumpen fram i halsen hos mange i forsamlinga. Endeleg var dagen komen, som bygda har venta på i minst 50 år.

### Ung satsing

Dei var der alle i teltet. Gamle folk og unge. Unge folk er det ikkje så reint få av, og det "gror" etter dei. Det fortel barneflokket om. Ungane hadde skulefri for å vera med på feiringa. Mest av alt var det nok alle dei glade barna som gjorde samværet i teltet til ein retteleg folkefest.

Og i denne samanhengen må også Marvik skulekorps få si velfortente ros. Dei gledde festlyden med musikken sin, først på Øvrabø og seinare under festen på Kjølvikstølen. For kulturlivet rundt om i dei enkelte lokalsamfunna, er skulekorpsa ein stor ressurs. Slik også på Ropeidhalvøya. Dei spela godt, og slo an feststemninga frå første stund, då dei kom marsjerande nyevegen ned til Øvrabøkrossen.

Ca. 450 menneske var samla til fest i teltet på fotballbanen.



Varaordførar Ingar Naustvik leia festen på Kjølvikstølen.



## Vegutløsning for Ropeidhalvøya

### Frå jubel på røysa til ufatteleg tragedie - Utan vegen hadde eg nok flytta

Dei jubla på røysa ,Marit Signy og Paul Øvrebø, etter at siste salven var avfyrt i Almenningen tunnel rett før jul i fjor.

Dei var ikkje skuggeredde, dei unge ektefolka, då dei i 1977 busette seg på Øvrebø, - ein kommunikasjonsmessig avkrok i Suldal. Tungvint og strevsamt på fleire vis. Men på Ropeidhalvøya kjempa dei for vegutløsning, som ville gjera livet lettare og gje dei del i fleire av storsamfunnet sine goder. I den kampen sto Signy og Paul i fremste rekke.

#### Glede

Åra med venting og uvisse blei mange. Men i 1986 tok arbeidet på vegen endeleg til. Og nå, mot slutten av 1989, kunne anleggsvegen til Ropeid tas i bruk for folket på Øvrebø. Inntil vidare var han rett nok humpete og skral, men likevel betre enn dei bratte og stygge kleivane som ein før var avhengig av for å koma frå garden. For ikkje å snakka om kor tidkrevande og tungvint det var, når dei skulle til Sand eller andre stader utanom Ropeidhalvøya. Ikkje rart at

Signy og Paul var mellom dei gladaste på røysa denne desemberdagen i fjor.

#### Tragedie

Men kort tid etter var den store gleda snudd til ufatteleg tragedie. Brått og utan forvarsel seig Paul om, heime på Øvrebø. Hjarta hadde svikta. Han blei berre 35 år. Signy var aleine att med dei 3 barna på 12, 9 og 6 år

- Utan den nye vegen, trur eg ikkje eg kunne budd her etter at Paul døydde, seier ho. - Det er tungt nok som det er, om eg ikkje atpåtill skulle hatt slitet med den gamle vegen. Vintrane var særleg ille. Dei bratte bakkane kunne vera glatte, og i snøver var det ofte så som så med brøytinga.

#### Pågangsmot

Signy har vist utruleg styrke og pågangsmot gjennom dei månadane som



Signy Øvrebø i bakken framfor tunet saman med Ludvig Arne (7år) og hunden Laika. Dei to eidste barna, Siv Jorun (10år) og Liv Sissel (13år) var på skulen.

er gått etter etter at tragedien ramma familien. Garden skal drivast som før, har ho bestemt seg for. - Det er ikkje enkelt, medgir ho. - Men eg har jo heile tida vore med og arbeidd ute. Ansvarer har eg likevel ikkje hatt. Nå fell alt på meg. Før Paul døydde hadde eg f.eks. aldri kjørt traktor. Nå måtte eg læra meg å bruka traktoren og dei maskinane og reidskapa som høyrer til.

#### Framtid på Øvrebø

På Øvrebø er det i alt 4 gardsbruk, men det er bare hos Signy dei har barn i huset. Dei andre 3 gardane blir drivne av ungarar.

Nå er den lenge etterlengta vegen komen til gards. Og så kan ein likevel spørja: Har desse småbruka noko framtid, sjøl om mange ting blir meir lettvinnt?

Signy har i alle høve tenkt å gjera sitt for at Øvrebø ikkje skal avfolkast. Og med vegen er det skapt nytt håp; håp om at unge menneske skal slå seg til også på dei andre bruka, når dei gamle sluttar av.



Ein av dei mange naturvakre stadane på Ropeidhalvøya, Signy Øvrebø sin gard. Før var Øvrebø ein kommunikasjonsmessig avkrok. Nå er det første garden ein kjem til på den nye vegen frå Ropeid. I skaret ovanfor gardshusa, ser me litt av den nye fylkesvegen.

## Halvøyas eldste, Johannes Kjølvik: Omskifte så store at dei knapt kan fattast

Han hugsar mange store festdagar, den første er 7. juni 1905 - dagen for oppløysinga av unionen med Sverige. 9. oktober 1990 føyer seg såleis inn i ei lang rekke av minnerike dagar. Og han stiller spørsmålet: - Skal eg få oppleve enno ein stor festdag, - dagen då ny bru over Sandsfjorden blir opna?

Skal ein dømma etter helse og vitalitet, skulle vonene vera gode for at Johannes Kjølvik kan vera æresgjest når Sandsfjordbrua skal opnast.

91-åringen blei boren til dåpen 1. januar år 1900. Han har såleis fylgt heile århundret. I dag er han den eldste på Røpeidhalvøya, men utruleg sprek etter alderen.

### Fjordabåt til 1973

Han er eit levande leksikon, når det gjeld lokalhistoria på Røpeidhalvøya. På samferdsels-området kan han fortelja om endringar og omskifte så store, at det knapt kan fattast av folk som ikkje har opplevd det.

Heilt fram til 1973 var fjordabåtane einaste reisemåten når ein skulle bort frå halvøya. Johannes fortel: - Andre hadde tankhenting av mjølk, me bala med spann. Me sleit på mjølsekker, der

andre fekk mjøl direkte på tank. Og når dyr skulle sendast til slakthuset, måtte me få dei ned til kaia og senda dei med båten til Stavanger. Skulle me f.eks. senda ein idle stut til slakthuset, måtte me helst vera tre mann for å få levert han. Det var skrekkeleg tungvint.

### Frå ferje til vegsamband

Johannes seier at same kor storarta og nødvendig det var å få fast vegsamband, så var omskiftet endå større i 1973 då ferjesambandet Jelsa - Hebnes - Nedstrand blei oppretta.

- Rart å tenkja på at det berre er 17 år sidan, seier han. - Me syns det var

storarta den gongen, men draumen har heile tida vore å få vegutløysing.

- Me har vore nokså utestengde frå omverda, trass i ferjesambandet. - Nå kan me til og med vera med på kveldstilstellingar på fastlandet, og reisa heim att seint på natt, seier 91-åringen.



Marta og Johannes Kjølvik heime i stova. Kråskapet me ser er frå 1850 og nymåla i 1955 av den kjende rosemålarer Knut Hovden.

## Magnus Finnvik flytta for 22 år sidan - Fleire mista motet og trua på framtida

Magnus Finnvik er lommekjent på Røpeidhalvøya, sjøl om han flytta til Sandeid for 22 år sidan. Men han har hus på Finnvik, og her er han ofte. Og i mange år, fram til 1968, hadde han drosjeløyve på halvøya, der mellom anna kjøring av skulcelevar var ein fast del av arbeidet.

Me traff han på Finnvik, saman med kona Anne Birgitte og Anna Finnvik.

- Ja dette er svære greier, seier Magnus. - Berre synd at ikkje vegen har kome for lenge sidan.

- I 60-åra var eg veldig engasjert i arbeidet med å få veg. Mellom anna var me i Oslo og snakka med dåverande samferdselsminister Haakon Kyllingmark. Men me nådde ikkje fram. Og sidan den gongen har desverre ein del

reist frå Røpeidhalvøya, på grunn av dei vanskelege transportforholda. I ein periode var mange i ferd med å mista motet og trua på ei framtid her.


- Men nå vil vel ein del av skaden kunne rettast opp?

Magnus tenkjer seg vel om. - Det kan så vera, seier han. - Men når folk først er reist bort, er det skrekkeleg vanskeleg å få dei til å flytta tilbake. Men uansett, den nye vegen har gitt ei ny tid for alle som satsar på ei framtid her. Og den framtida burde vera atskillig lysare nå, seier Magnus Finnvik.



Magnus Finnvik utanfor sjøhuset i Finnvik, saman med kona Anne Birgitte oig Anna Finnvik til venstre. Anna Finnvik vil vera kjent frå drifta av Finnvik Handelsmuseum

## FORPROSJEKT-RAPPORT



Transportplanarbeidet for storbyområdet Stavanger/Sandnes/Sola starta for ca 1 år sidan.

I transportplanorganisasjonen arbeider nå sentrale Rogalands-politikarar side om side med fagfolk frå offentlege og private organisasjonar/etater. Målet er å finna framtidige, rasjonelle og miljøvennlege transportløyningar for Nord-Jæren. I dette arbeidet vil det bli lagt avgjerande vekt på miljøsinn og kollektiv transportløyning.

Transportplanen skal foreleggja innan juni 1991.

I oktober la Transportplansekretariatet fram sin Forprosjekt-rapport. Saman med resultatane av høyringsrunden, vil denne rapporten danne grunnlag for arbeidet med hovedprosjektet.

Me gjengir her hovedmålsettingane og hovedutfordringane i Forprosjekt-rapporten.

### Hovedutfordringar

- \* Korleis kan dei negative effektene av biltrafikken reduserast, utan at dette gir urimelege negative sosiale og økonomiske utslag?
- \* Korleis kan nærmiljøa bli betre og støyproblem og lokale luftforureiningsproblem reduserast? Kva kan ein dessutan gjera for å oppfylle nasjonale og internasjonale mål om reduserte utslipp til luft, samtidig som transportbehovet blir ivarettatt?
- \* Korleis kan utnytting/utvikling av lokal infrastruktur, friluftsområde o.l. redusera motorisert transportbehov

og bygga opp under ressursparande transportformer?

### Hovedmålsettingar

- \* Vegtrafikkstøyen skal reduserast slik at talet på personar som er sterkt plagda av trafikkstøy er vesentleg redusert i år 2005.
- \* Det skal etablerast nok tilbud for dagleg friluftsliv i alle bydelar, slik at behovet for motorisert transport til regionale utfartsområde blir redusert. Vidare skal det leggjast til rette for eit mest muleg samanhengande "grøntdrag", som eignar seg til turbruk og gang-sykkeltrafikk.

- \* Ved etablering og lokalisering av service skal folket sikrast eit godt servicetilbud. Gjennom lokalisering av service skal det vera ei målsetting å redusera behovet for biltransport og å leggja til rette for gang/sykkeltrafikk og kollektivtransport.


- \* Gang/sykkelveg-nettet skal byggjast ut slik at talet på gang/sykkelreiser i byområdet blir fordobla innan 1998. Alle skular og andre viktige samlingspunkt, og viktige område for rekreasjon/friluftsliv skal kunne nås med sykkel via minst ei rute med planfrie kryssingar av hovedvegane innan 1998.

- \* Kollektivtilbudet skal sikra god mobilitet for dei som er avhengig av å reisa kollektivt. Kollektivtrafikken i byområdet skal innan 1998 auka sin del av den totale motoriserte trafikken og vera eit økonomisk og reisetidsmessig reelt alternativ til privatbil.

- \* Finansieringsordningar for investeringar og drift må utviklast for å sikra god transportstandard for alle trafikantgrupper gjennom miljømessig gode løysingar. Vedtak må samordnast slik at heilheits-løysingar blir sikra gjennom reelle samfunnsmessige nytte/kostnadsvurderingar.

Forprosjekt-rapporten kan du få ved å venda deg til:

Transportplansekretariatet  
Statens vegvesen Rogaland  
Postboks 197, 4001 Stavanger






## Transportplan for storbyområdet Stavanger / Sandnes / Sola

Frå 1. januar 1992:

### Jernbanens nærtrafikk blir ryggraden i eit samordna kollektivtilbud

Strukturering av eit godt kollektivtilbud i regionen, er ein viktig del av transportplanarbeidet. I den samanhengen vil Jærbanen vera sentral. Dette gjeld ikkje berre for storbyområdet Stavanger/Sandnes, men også vidare sørover heilt til Egersund.

Nærtrafikk med tog er miljø- og ressursvennleg. På strekninga Stavanger - Egersund ligg tilhøva godt til rette for slik trafikk. Men banen har i lang tid slitt med dårleg materiell. Nå er endeleg ei radikal endring i sikte. Den vil kunne bli gjennomført frå 1. januar 1992.



I november i fjor la ei gruppe innan NSB, supplert med samferdselsjef Jahn Bastiansen og dåverande ordførar i Hå, Kjell Lund, fram rapporten "Et nytt kollektivtilbud for Jæren".

På grunnlag av denne utgreiinga, er det inngått ein avtale mellom NSB, kommunane og Rogaland fylkeskommune.

#### Kommunane

I avtalen forpliktar kommunane seg å yta 10 millionar kroner i rentefritt lån til NSB. Pengane skal brukast til å utbetra infrastruktur, haldeplassar, leskur m.v.

Kommunane forpliktar seg i tillegg å rusta opp innfarts/parkeringsplassar for bussar, bilar og sykklar, og til vedlikehald av desse. NSB skal på si side halda fri grunn, der dette er aktuelt.

#### Fylkeskommunen

Fylkeskommunen forpliktar seg til å gjennomføra ei samordning mellom buss- og togruter i regionen, for å styrka jernbanen som ryggraden i kollektivtrafikken.

Fylkeskommunen skal også, i samarbeid med NSB, innføra eit felles takstsystem for kollektivtransporten i regionen. Innføring av gjennomgangsbilletter skal vera gjennomførte innan 1. januar 1992.

#### NSB

NSB skal setta inn 4 nyoppussa togsett i nærtrafikken på Jærbanen seinast 1. januar 1992. Desse togsetta er av typen som nå blir brukte i nærtrafikken i Oslo-området.

NSB skal også forbetra ruteopplegget mellom Stavanger og Egersund.

Arbeidet med å gjennomføra planen er alt i godt gjenge. Når dette blir skrive, er det ennå uklart om NSB får løyving over Statsbudsjetten for 1991 til nye togsett. Men NSB har uttalt at 4 nyoppussa togsett uansett skal vera i trafikk på Jærbanen frå 1. jan. 1992. Manglande løyvingar vil i så fall truleg gå ut over nærtrafikken i Oslo-området.



## Effektivisering av snøstikkesettingen: Helautomatisk maskin i produksjon på Jæren

**Tekst og foto: Njål Hanasand**

I 1989 opprettet Vegdirektoratet en arbeidsgruppe som skulle se på metoder og utstyr som var i bruk for å sette ut brøytestikker. Gruppen fikk en sammensetning med deltakere fra Rogaland, Telemark, Sør Trøndelag og Finnmark.

Etter kartlegging av eksisterende utstyr, ble det besluttet å satse på å utvikle og bygge helautomatisk snøstikkesetter.

### Flere forslag

Flere firmaer rundt om i landet ble kontaktet, og gruppen fikk inn forslag fra NH-Maskin i Flekkefjord, Vesterål Produkter i Vesterålen, Sylindersevice i Trondheim og Steinar Risa som driver med prosjekt- og produktutviklingsarbeid i eget verksted på Undheim.

Av de forslag som kom inn virket Risa sitt forslag mest interessant, og

etter oppdrag fra Sør-Trøndelag vegkontor bygde han prototypen på en helautomatisk snøstikkesetter.

### Maskinen

Snøstikkesetteren er en hydraulisk enhet som monteres på lasteplanet til en mindre lastebil (512-bil), fortrinnsvis med automatgirkasse.

Maskinen drives av bilens hydraulikksystem og krever ingen betjening utenom sjåføren.


Enkelt sagt virker maskinen slik at en arm med påmontert slaghammer lager hullet i vegkanten og svinger deretter bort. I mellomtiden har en annen arm hentet en brøytestikke fra et magasin og setter den ned i hullet gjennom en trakt. Deretter pakkes jorda rundt stikken, trakten løftes opp og bilen kjøres fram til ny posisjon. Der gir sjåføren signal på en trykkapp til en liten dataenhet som styrer selve setteprosessen.

### Fine finesser

Maskinen har mange fine finesser. Hvis f.eks. boret treffer en stein, løftes hammeren automatisk og sjåføren får et signal om å kjøre litt fram for et nytt forsøk.

Snøstikkesetteren er programmert til å bruke 13 sekunder på sin del av jobben. Men som arbeidskapasitet kan en regne oppsetting av ca 100 snøstikker pr time, inklusive flytting, fylling av magasin m.v.

Maskinen som er enkel og robust, er testkjørt av mannskaper fra Nærbø vegstasjon. Etter noen små justeringer, virker den svært godt.



Den automatiske snøstikkesetteren i arbeid. Ved maskinen står Gaute Vigre fra Vegvesenet og konsulenten og produsenten Steinar Risa.

## Vegdekket blåste bort

Under stormen søndag 28. oktober var vinden så kraftig i kastene at en del av vegdekket blåste av vegen.

Dette skjedde på riksveg 45, på den nye parsellen like ovenfor vegbommen på Øvstabø. Et flak på ca 2 x 20 meter ble løftet opp. En bil som passerte akkurat da dette skjedde, ble skadet da den fikk oljegrusbitene over seg.

Fotoet viser en del av vegen, der det faste dekket er blåst bort.

**Foto: Njål Hanasand**



## Vegarbeidar Odd Egil Narten Frå skaft og slire til skarpegga knivblad

Av Harald Sel

Han har fått mange lovord for knivane sine, Odd-Egil Narten, og det frå folk som reknar seg for svært så sakkyndige innan den vanskelege kunsten det er å smi knivblad. Og den snart 40 år gamle vegarbeidaren frå Oltedal smir ikkje berre knivblada. Han former også skafta og syr slirene. Ja, det er faktisk sjølve knivmed-arbeidet han har drive minst med. Skaft og slirer har han laga i 10 år, men først for vel 2 år sidan begynte han så smått å prøva seg på sjølve knivblada.

- Eg har alltid likt å forma ting med nevane, heilt frå eg var ganske liten, seier Odd Egil.


- På skulen var sløyd det kjekkaste faget. Og seinare har eg laga ein god del ting i tre. Det gjer eg ennå, men gjennom dei siste 10 åra har eg stadig brukt meir tid til knivarbeidet.

### Knivtradisjon

Tradisjonelt har Aust-Agder og Telemark vore knivsmedane sitt "kjerneområde". Særleg har Vegårdshei i Aust-Agder vore eit senter for knivlagning. Både her og ved Akademiet i Rauland, Telemark, blir det årleg arrangert kurs, med deltakarar frå nesten heile landet. På desse kursa har også fleire rogalendingar gått, slik at ikkje så reint få putlar i faget nå, også her i fylket.

Å sy slirer er eit reinsleg arbeid, så det gjer gjerne Odd Egil i sofakroken. Her får han hjelp av sonen Stig, som er 9 år.

(Foto: Møyfrid Narten)



### Kurs


Odd Egil har aldri gått på kurs. Han er sjøllært. Men nå er han likevel blitt så dyktig i faget, at han sjøl er kurslærer. I haust har han kurs i kniv-smiing på Skeianetunet i Sandnes.

### Eiga smie

Odd Egil har si eiga smie heime i Oltedal. Ho er på 14 kvm, og han bygde henne for 2 år sidan. Det var på denne tida han gjekk i gang med å smi knivblad. Og etter ein del prøving og feiling, gjekk det etter kvart retteleg bra. Han har laga bortimot 70 knivar med skaft og slire på desse 2 åra.

### Mykje arbeid - lita fortjeneste

Odd Egil reknar med mellom 10 og 15 timars arbeid på ein kniv. - Blir det god fortjeneste på dette?, spør me.



Knivar og tresløyd frå Odd Egil Narten sine hender presentert ved ei brukskunstutstilling i lokala til Lyse Kraft på Tronsholen i Sandnes.

(Foto: Odd Egil Narten)

- Eg tek 800 kroner for ein kniv. Men materialet, både til knivblad, skaft og slire, kostar. Og det kostar å halda smia i drift. Når eg så brukar opp til 15 timar på arbeidet, blir ikkje timebetalinga stor. Men for meg er dette ein hobby, så det viktigaste er ikkje å tena pengar.

### Utstillingar

Odd Egil Narten har fleire gonger vore representert på brukskunstutstillingar, både med metall- og trearbeid. Nå nyleg kunne ein sjå 4 knivar, 4 knivblad og 1 trebolle frå hans hender på ei utstilling i Bydelshuset på Ganddal.

- Ja, det er moro, seier han, at folk vil sjå på det eg lagar. Og mange er interesserte i å kjøpa knivane mine.

### Fiskestonga

Men så mange knivar får han ikkje tid til å laga, ved sida av å vera vegarbeidar.

- Som regel er eg i smia ein kveld i veka, seier han. Og ut over ettersommaren blir det svært lite knivarbeid, fortel han. - Det er denne fiskestonga som dreg avgarde med nesten heile fritida.

Først og fremst er det laksen Odd Egil er ute etter. Og han er ingen amatør som fiskar heller, etter det me skjønar. Fryseboksen er nok temmeleg velfylt etter endt laksefiske-sesong.

# Støy som miljø- og samfunnsproblem

Av Thore Eilertsen

Støy er uønsket eller sjenerende lyd. Støy forstyrrer samtaler, undervisning, søvn osv. Stadig uønsket lyd eller støy, sjenerer konsentrasjonsevnen og velværet generelt og blir etterhvert et problem for omgivelsene.

## Vegtrafikkstøy

Det mest alvorlige problemet knytter seg til vegtrafikkstøy fordi støyforurensning fra vegtrafikkstøy berører svært mange mennesker. Stadig økende trafikk øker støynivået langs våre vegger.

Problemet oppstår de fleste steder gradvis på grunn av generell trafikkvekst, andre steder på grunn av vegomlegginger eller etablering av trafikkskapende virksomhet.

Omlag 1 350 000 mennesker (hver tredje innbygger) utsettes i sin bolig for vegtrafikkstøy som går ut over trivselen (høyere ekvivalent støy nivå enn 55 dBA). Av disse er omlag 300 000 så sterkt plaget av søvnforstyrrelser, stress og mistrivsel at det må betegnes som et helseproblem.

Den samfunnsøkonomiske kostnaden bare ved reduserte verdier på boliger og ved nedsatt produktivitet er anslått til 400-800 mill. kroner pr. år. (St.meld.nr. 41, 1987 - 88. Helsepolitikken mot år 2000).

## Historikk

I Stortingsmelding nr. 50 (1976 - 77) "Tiltak mot støy," ble samfunnsproblemet støy belyst på bred basis. Formålet med meldingen var å få trukket opp generelle målsettinger og prinsipper for arbeidet med støyproblemene og legge opp til et handlingsprogram mot støy.

Etter 1977 er det både ekstraordinært og over de ordinære vegbudsjettene bevilget midler til støyskjermingstiltak. Midlene har i første rekke gått til bygging av støyskjermer og støyvoller samt fasadeisoleringstiltak mot støy langs våre mest trafikkbelastede riks- og fylkesveger i tettstedene. Samtidig er det også oppnådd en god del ved omlegging av trafikkbelastede vegger utenom tettsteder.

Innsatsen har ført til vesentlig bedring av støysituasjonen for beboerne der tiltakene er gjennomført. Imidlertid har trafikkveksten i vårt land økt så raskt de siste årene at antall støyutsatte boliger tilnærmet har vært konstant.

I 1988 ble nye bestemmelser om miljørettet helsevern tatt inn i kommunehelseloven. Helsemyndighetene har pekt ut støy som et av 10 viktige innsatsområder, og sier om søvn- og kommunikasjonsforstyrrelser som

skyldes støy: "Dette er langt alvorligere og mer utbredt enn man tidligere har vært klar over, og det ser ut til at det er et voksende problem. Søvnforstyrrelser gjør at man ikke får den hvile og mulighet til restituering som søvnen skulle gi. Dette vil lett sette sitt preg på all den aktivitet man skal utøve både fysisk og psykisk i dagliglivet."

## Siktemål framover

Statens forurensningstilsyn (SFT) utarbeidet i 1985 et forslag til handlingsprogram mot vegtrafikkstøy: Konklusjonen i forslaget er at det både er mulig og samfunnsøkonomisk berettiget å gjennomføre tiltak som vil føre til en vesentlig forbedring av støyforholdene langs våre vegger.

Siktemålet er at antall personer som er "svært forstyrret" av vegtrafikkstøy bør reduseres med minst 50% og at antall boliger med utendørs/innendørs støy på over 60 - 65/30 - 35 dBA bør reduseres til nesten 0 innen år 2000.


Handlingsplanens målsetting skal oppnås ved skjerpet støykrav til kjøretøyene, fasadeisolering og støyskjerming samt ved å hindre at nye støyproblemer oppstår gjennom streng planleggingspraksis.

Det er spesielt gjennom god arealplanlegging en kan forebygge mot støyproblemer. I arealplanleggingen tas viktige valg for lokalisering av aktiviteter og disponering av arealer. Kun ved å "tenke støy" og få vurdert miljøkonflikter tidlig i planfasen har en reelle muligheter til å påvirke trivselsforholdene for ettertiden.

I forbindelse med godkjenning av fylkesplanen for Rogaland (Kgl. resolusjon av 28. oktober 1988), gir Regjeringen signaler om innfallsvinkler for å bedre bymiljøene.

Det sies blant annet: "Regjeringen peker på at det i de større byene må legges mer arbeid i å begrense vegtrafikkens skadevirkninger.

Fortsettelse side 23



# Tryggare trafikk gjennom Kleppekrossen

**Tekst og foto: Harald Sel**

**Tegning: Kitty Marie Klever**

Arbeidet for eit sikrere trafikkmiljø på gjennom Kleppekrossen er i gang.

Dei viktigaste tiltaka som nå blir gjennomført, er fylgjande:

- \* Undergang ved Kleppelundsvegen
- \* To rundkjøringar, i krysset med Sola-vegen og i krysset med Stasjonsvegen
- \* Opphøgde gangfelt, 2 ved krysset med Stasjonsvegen og 1 sør for krysset ved Kleppelundsvegen
- \* Redusert vegbreidde mellom Meierivegen og Bankvegen
- \* Kraftige innsnevringar ved fotjengarovergangane vidare sørover fram til krysset med Bakkavegen
- \* 40 km fartsgrense på ein del av strekninga

## Kostnader

Kostnadane ved bygging av undergangen blir ca kr 800.000,-. Denne summen blir betalt av Klepp kommune og firmaene Selmer Furuholmen A/S, Kverneland A/S og Tore Lie A/S, som står bak utbyggingsplanar i det tidlegare industriområdet til Kyllingstad.

Dei andre tiltaka er kostnadsrekna til ca 1,6 mill kr, og Klepp kommune og Statens vegvesen betaler kvar sin halvpart. Etter planen skal tiltaka vera gjennomførte i første halvår 1991.

## Uryddig trafikkmiljø


Rv.44 gjennom Kleppekrossen har svært stor biltrafikk. Pr døgn passerer i gjennomsnitt mellom 15 og 16.000 kjøretøy.

For ein tettstad som dette, med mellom anna stor handelsverksemd, servicefunksjonar og skular, er det i tillegg stor trafikk av syklistar og fotgjengarar. Berre på strekninga Kleppelundsvegen - Bankvegen, 150 meter, kryssar 1000 personar vegen pr døgn.

Problema for dei mange mjuke trafikantane har då også vore store, og det har vore fleire stygge fotjengarulykker dei siste åra. Med dei tiltaka som nå blir gjennomførte vil forholda bli atskillig tryggare for mjuke trafikantar.

Vilkåra skulle heller ikkje, totalt sett, bli særleg ringare for den motoriserte trafikken. Dei 2 rundkjøringane fører til ei meir effektiv trafikkavvikling. Dette vil langt på veg oppvega ulempene med dei opphøgde gangfelta.

I alle tilfelle vil dei opphøgde gangfelta vera ein viktig del av planen for eit sikrere trafikkmiljø. Utan desse fysiske hindringane, vil ikkje fartsgrensa på 40 km/t bli effektiv nok.



Frå oppstarten av arbeidet med rundkjøringa i krysset mellom Rv.44 og Stasjonsvegen. I framgrunnen, Håkon Østrem.

## Planfritt motorveg-kryss på Lura

**Tekst og foto: Harald Sel**


Motorvegen (E 18) har fått planfritt kryss på Lura.

Då motorveg-parsellen Lura - Stangeland blei opna i 1984, var trafikk-systemet i Lurakrysset nærast å rekna som ei kriseløysing.

Normalt skal alle motorveg-kryss vera planfrie. I dette tilfellet valde Vegvesenet å forsera motorvegutbygginga til Stangeland og opprustning av Oalsgata i Sandnes framfor bygging av planfritt Lurakryss.



Frå arbeidet med den nye brua over motorvegen på Lura.



Nytt planfritt Lurakryss.

**Tegning: Sissel Norland**

Bakgrunnen for denne prioriteringa, var i første rekke alle dei alvorlege ulykkene på den gamle E 18 gjennom Strandgata i Sandnes. På kort sikt ga forseringa av motorvegutbygginga klart større ulykkesreducerande effekt enn bygging av planfritt kryss på Lura.

Perioden for den midlertidige trafikk-løysinga i Lurakrysset skulle bli lenger enn Vegvesenet hadde tenkt seg i 1984. Den økonomiske innstramminga har ført til at fleire prioriterte prosjekt er utsette eller "lagde på is".

Når krysset nå er gjort planfritt, er dette i første rekke av omsyn til næringsinteressene i området.

Særleg har utbygginga av kjøpesenteret Kvadrat gjort trafikkforholda vanskelege på Lura. Av byggekostnadane på 12 millionar kr har difor Immobilia, eigarselskapet bak Kvadrat, betalt 6,8 mill. Obs, som er største butikken i Kvadrat, har betalt 1 million. Resten, 4,2 mill. kroner, tar Sandnes kommune.

Immobilia har vore byggherre for anlegget, i nært samarbeid med Statens vegvesen.

Brødrene Risa har utført arbeidet med graving og masseflytting, mens Block Berge Bygg har utført betongarbeidet på brua over motorvegen og brua på den nye innkjørselen til Kvadrat, som går kloss i motorvegen.

### Lenger ekspedisjonstid ved Biltilsynet

Frå 2. januar blir ekspedisjonstida ved biltilsynstasjonane utvida med 45 minutt pr dag.

Stasjonane skal nå stå til teneste for publikum frå kl 9.00 til 15.15 på måndagane og frå kl 8.00 til 15.15 tisdag til og med fredag.

Fram til årsskiftet, er ekspedisjonstida til kl 14.30.

## Statens Trafikklærerskole Lekselesing og studentliv

Av Reidar Dirdal

I og for seg ikke noen sensasjonell eller dramatisk overskrift. Men når en seksjonsleder i Biltilsynet forlater sin arbeidsplass, kone og fire mindreårige barn, og reiser til Stjørdal et helt år for å gjennomføre Statens Trafikklærerskole, da må det vel være ganske dramatisk.

Årsaken er at da jeg i 1988 ble tilsatt som seksjonsleder på trafikksesjonen, var det med forbehold om at Trafikklærerskolen måtte gjennomføres så snart som mulig. Ingeniør Bråtveit hadde gått skoleåret 88/89, og jeg fant det mest praktisk å "hoppe i det," året etter.

Etter lange forberedelser "psykisk og familiært" var det klart for avgang 10. august. Den gamle Mazdaen (konebilen) var fullastet med dyne - piggdekk - sykkel - kaffetrakter og diverse annet livsnødvendig utstyr. Turen oppover gikk bra til tross for mye regn, sviktende vindusviskere og avrevet eksosanlegg på ferjeleiet i Skudenes.

Jeg hadde leid hybel 2 - 3 km fra skolen hos en gammel enkmann (85 år). Leien var rimelig tilpasset statens satser. Standarden var brukbar, samt garasje til bilen.

Statens Trafikklærerskole er den eneste skolen i landet som utdanner kjørelærere, og hadde derfor studenter fra hele


landet, i tillegg en fra Island og en fra Færøyene. Skolens hovedfag er pedagogikk/metodikk, psykologi, fysikk, trafikkjus og bilens konstruksjon og virkemåte.

I tillegg til teoriundervisningen driver studentene praktisk opplæring av førerkortaspiranter 2 dager i uken. Den praktiske opplæringen foregår i Stjørdal og Trondheim sammen med øvingslærer. Ved skoleårets slutt er det eksamen i både skriftlige og praktiske fag (lærerdyktighet).

Noen vil kanskje lure på hvorfor en seksjonsleder i Biltilsynet må ha trafikklærerskolen. Han skal vel ikke drive kjøreopplæring i sitt arbeid?

Nei, han skal ikke drive opplæring, men en stor del av en seksjonsleders arbeid på trafikksesjonen er tilsyn, veiledning og samarbeid med kjøreskolene.

Jeg ser det klarere nå enn før at det må ha mange fordeler at både seksjonsleder og sensorer har vært gjennom den samme utdannelsen som kjørelærerne. Det blir lettere å sette seg inn i deres situasjon, og skjønne deres eventuelle problemer. En vil og i større grad kunne dekke en veilederfunksjon. I tillegg får en også et visst forhold til trafikklærerskolen og det faglige miljøet der, som kan være nyttig i det daglige arbeid.



Selv om hybelliv og lekselesing var en svær overgang fra det normale arbeids- og familieliv (etter 20 års skolefravær), har det vært et interessant år. En del av pensumet var kjent stoff, spesielt fysikk og bilteknikk, men mye var nytt og mindre kjent innenfor psykologi og pedagogikk. Skolen hadde 2 klasser á 36 studenter samt en faglærerklasser med 24 studenter. Av disse var 8 stykker fra Biltilsynet.

Med fare for å bli anklaget for selvros vil jeg påstå at representanter fra Statens vegvesen var et positivt innslag i miljøet. De fleste av disse hadde erfaring fra sensorarbeid og annet kontrollarbeid. Dette var godt grunnlag for frodige diskusjoner i klasse og grupper. Ellers hadde studentene forskjellige yrkesbakgrunn, og noen få hadde kjøreinstruktørbakgrunn.

Er det fornuftig av Statens vegvesen å bekoste denne utdannelsen? Etter utdannelsen er jeg overbevist om at dette må være riktig satsing. Det må være et mål at alle som driver sensorarbeid har trafikklærerskolen eller lang erfaring i bransjen.

Det er imidlertid beklagelig at dette ikke gir noen lønnsforbedring. Selv om en beholder lønnen under utdannelsen, og får begrenset kompensasjon for merutgifter til opphold og hjemreiser, skal en både bo og leve billig for ikke å pådra seg gjeld (i alle fall hvis en har forsørgerbyrde fra før).

Det var et svært interessant (men langt) år. Jeg besto eksamen, (så jeg slipper å gå om igjen).

### Biltilsynet i Egersund til Slettebø

Den framtidige biltilsynstasjonen i Egersund skal liggja på Slettebø, på området der Egersund vegstasjon nå held til.

Ved dette kan vegvesenet sine felles ressursar i området, som bygningar, utstyr og personell, utnyttast best muleg.

Ein tenkjer seg primært at utbygginga av biltilsynet på Slettebø skal skje

ved ei samanbygging med nåverande vegstasjon. Biltilsynet ønsker at det i tillegg blir laga ei planløyising basert på frittliggande nybygg.

Målsettinga er at utbygginga på Slettebø skal vera ferdig slik at biltilsynet kan etablere seg ved vegstasjonen i 1993.

# Markus Wiik

## Stripemaler, fagforeningsmann og vaktmester

**Intervju: Johan Lund**

Han var førstemann ut på flere områder, Markus Wiik, på den første stripemalingsmaskinen i fylket, som hovedtillitsmann på heltid og som vaktmester på vegkontoret.

Det begynte 1. mai 1962 da han fra møbelsnekkerjobb hos Sven Andersen Møbelfabrikk ble tilsatt som mannskap på stripemaskinen sammen med Johannes Espevold. Inntil da hadde maskin og mannskap fra Østfold (!) dekket jobben.

Det fortsatte gjennom ny vegarbeideroverenskomst høsten 1972, som åpnet adgang til å ha formann i hoved-

tillitsmannsutvalg på heltid, noe som for Rogalands vedkommende ble avtalt fra våren 1973.

Innflyttingen i lokalene på Lagårdsvegen kom med et vell av oppgaver for en nevenyttig mann. Egen vaktmester på heltid var uunngåelig, Markus Wiik pekte seg ut og ble beordret inn. Dette var høsten 1985.

Mange spilte på Wiik's kompetanse i de nærmeste år. Ettersom det sjelden var nei i hans munn, var det i lange tider hardt kjørt. Høyst betimelig var det derfor at han på vegkontorets julekaffe i 1987 ble hedret for "Årets navn på vegkontoret".

### Luftig arbeidsplass

- Det startet altså med stripemaling. Hvordan var utstyret?  
- Maskinen var helt åpen og to-manns betjent. Espevold styrte og jeg betjente apparaturen. Som i dag var stripepunkter satt ut på forhånd, så det var bare å styre rett og trekke i spakene på rett tid.

- Hva med arbeidsmiljøforholdene?  
- Siden maskinen var åpen var det som regel frisk nok luft, men under visse forhold kunne gass fra løsemidlene være plagsomme. Her var sjåføren særlig utsatt fordi han satt rett over dysene. Det hendte Johannes måtte ta seg en luftetur for å friske seg. Ellers var det greit nok at maskinen var åpen, for vi kunne ikke male i regnvær.

Men det var en stor ulempe med maskinen, den hadde bare en malings-tank. Hver gang vi skulle skifte farge måtte den renses og det for hånd. Det var en skittjobb, for vi måtte bøye oss opp i tanken for å komme til.

- En annen side av arbeidsmiljøet er arbeidstidens lengde.

- Det var ikke tanke på slikt. Godværsperiodene måtte nyttes og da ble det lang dag og ingen sure miner for det. I flere år hadde vi begge Agder-fylkene som arbeidsområde i tillegg til eget fylke. Da hadde vi egen interesse av å ta lang dag og få hurtigere hjemkomst.

- Dere i stripemalingen må ha utgjort en selvstendig gjeng med så stort geografisk spenn?

- Det er sant nok, men vi hadde jo oppsynsmann Gunnar Dahle som foresatt. Det var han som planla og prioriterte. Han satte forresten på oss en betegnelse som gikk igjen. Når det skulle jobbes i et distrikt tok han en telefon til vegmesteren: "Nå må dokker gjørr dokk klar, for i neste uga komme Wiik'n og di," og alle visste hva saken gjaldt.

- Merkesesongen er jo sommerhalvåret, hva med resten av året?

- Da var det snekkerarbeid av ulikt slag. Etaten har hatt en stor brakkepark og det var nok å gjøre med reparasjoner og vedlikehold, ikke minst i samband med økningen av standardkravet etter overenskomsten og miljøloven.

### Tillitsmannsarbeidet

